

Fra: Einar Aase
Sendt: tirsdag 12. oktober 2021 15:32
Til: Bjorn Myrmellom; swillum@online.no
Emne: SV: Svar på spørsmål i byggesak - vi treng fleire opplysningar

Hei,

Beklager seint svar på e-post.

Har sett gjennom tilsendt dokumentasjon. Kommunen treng meir dokumentasjon før vi kan handsame søknad.

Tilbygg

Kommunen har vurdert at tiltak er definert som tilbygg. Det er dermed ikkje krav om ansvarsrett. Tiltak er jamvel søknadspliktig ettersom kommuneplan for Lindås føresegn 3.4.7 krev søknad òg for slike tiltak: 3.4.7. EIGEDOM MED STATUS SOM LNF-SPREIDD (PBL. §§ 11-7 NR. 5 OG 11-11)

I tillegg til områda for LNF-spreidd som er vist på plankartet, har dei eksisterande bygde eigedommane med bustad og fritidsbustad som lista opp i vedlegg A og vedlegg B status som LNF-spreidd bustad og fritidsbustad.

I desse områda kan følgjande tiltak tillatast, etter søknad, i samsvar med eksisterande lovleg bruk som ikkje førar til nye bueningar:

- Tiltak etter pbl § 20-1 bokstav b, c, e, f, h, i, j
- Tilbygg og påbygg med samla bruksareal (BRA) inntil 50 m²
- Tiltak som inngår i pbl §§ 20-4 a, b, c, e og 20-5

Dispensasjon

Det er krav om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, slik som det går fram av pkt.1 i mangelbrev datert 17.08.2021. Søknad må supplerast med grunngjeven dispensasjon. Dispensasjonssøknad må nabovarslast. Ber om at de sender inn ein dispensasjonssøknad dersom de ynskjer at vi skal ta sak til vidare handsaming.

Situasjonskart

Viser til pkt.2 i mangelbrev datert 17.08.2021. Ber om å få tilsendt oppdatert situasjonskart. Kommunen leverer ut situasjonskart, men dykk må sjølv teikne inn mål på tiltak, avstandar og anna nødvendig informasjon. Ber om at de teiknar inn mål på tiltak, avstand til nabogrense, veg, leidningar, sjø osv., og sender inn oppdatert situasjonskart.

Teikningar

Kommunen kan ta sak til vurdering med teikningar som ligg føre. Pkt.3 i mangelbrevet viser til at skiljet mellom kva som er nytt og gammalt på tilbygget er noko uklære. Det kunne med fordel ha vore markert eit skilje mellom eksisterande bygg og det som vil vere nytt.

Frist for tilbakemelding

Ber om at etterspurt informasjon blir sendt inn innan **19.11.2021**.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Bjorn Myrmellom <bmyrmellom@hotmail.com>

Sendt: mandag 4. oktober 2021 18:09

Til: Svein V Willumsen <swillum@online.no>; Einar Aase <einar.aase@alver.kommune.no>

Emne: Re: Svar på spørsmål i byggesak

Hei

Har ikke fått noen tilbakemelding fra dere.

Det er snakk om ett tilbygg som er understøttet. Totalt 3 x 3 m = 9m². Det er mere enn 4 meter til tomte grense 56/67, som er den eneste naboeiendom.

Forstår ikke helt punkt 1 i deres brev fra 17/8-21, det er bygging på tomt 56/108 ikke på tomt 56/67. Vi har forholdt oss til nabovarslingsliste fra Alver kommune.

2 Situasjonsskart fikk vi fra Alver kommune byggesak. 3 Det er målsatte tegninger 1 : 100. Det er feil i søknaden vedrørende antall kvadrat som skal være tilbygg. Det riktige er 3 x 3 m totalt 9m². Det er riktig tegnet på tegningene som skal være målsatt 1:100. De gamle tegninger er merket med Hiba 139+ De nye er merket med B.Myrmellom 1:100 4 .Vi venter på en bekreftelse fra Coplan om de vil påta seg og stå for Pro. 5. Det er privat Va anlegg. 6. Det er ett tilbygg, som er understøttet med søyler. Det ligger 2 meter over bakkenivå på huset som står der fra før.

Håper dette er godt nokk svar.

Ha en trivelig dag

Bjørn Myrmellom
ENIXE AS

From: Bjorn Myrmellom <bmyrmellom@hotmail.com>

Sent: Thursday, September 16, 2021 2:23 PM

To: Svein V Willumsen <swillum@online.no>

Subject: Fw: Svar på spørsmål i byggesak

From: Bjorn Myrmellom <bmyrmellom@hotmail.com>

Sent: Thursday, September 16, 2021 2:13 PM

To: Einar Aase <einar.aase@alver.kommune.no>

Subject: Re: Svar på spørsmål i byggesak

Hei

Det er riktig at det er den delen som er understøttet med stolper, dette er en forlengelse av eksisterende karnapp. Denne forlegens med 3 x 3 meter.

Totalt 9m². Eksisterende karnapp er ca 60cm ut fra bygget i dag. Vi vil da ende på en lengde på 3,6m ut fra bygget over inngangsparti.

Vi fikk melding fra rådgivende ingeniør at dette ikke medførte krav om ansvarsrett. Om så dette ikke medfører rettighet, vil vi komme tilbake med ansvarlig prosjekterende.

ha en trivelig dag

Bjørn Myrmellom

Enixe as

From: Einar Aase <einar.aase@alver.kommune.no>

Sent: Thursday, September 16, 2021 12:31 PM

To: bmyrmellom@hotmail.com <bmyrmellom@hotmail.com>

Subject: Svar på spørsmål i byggesak

Hei,

Eg har fått saksansvar på byggesaka dykkar med saksnr. 21/4967, og såg at det låg inne spørsmål knytt til om tiltak var søknadspliktig.

Som det går fram av mangelbrevet datert 17.08.2021 er teikningane noko uklåre med tanke på kva som er nytt og kva som er eksisterande. Det er dermed litt vanskeleg å tolke innhaldet i tiltaket slik det ligg føre. Slik vi tolkar bilete og informasjon i saka er det den delen av bygget som stikk ut med stolpar ned i bakken som er aktuell. Dette tiltaket er i tilfelle eit påbygg som er søknadspliktig og underlagt krav om ansvarsrett, som går fram av mangelbrevet.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE